



SAKSHANDSAMAR  
Kristi Vindedal

VÅR REF.  
07/03022-8

ARK. V - Vassdrag 170 Hjartdal kom. - Te;167,169  
Notodden kom. - Te

DYKKAR REF.  
NVE 2007/9826  
NVE 2010/661

INNVALSTELEFON  
98202846

DYKKAR DATO  
23.12.2010

VÅR DATO  
13.4.2011

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

## Høyringsmerknader til søknader om konsesjon for utbygging av Sauland kraftverk med nettanlegg. Hjartdal og Notodden kommunar i Telemark.

Riksantikvaren viser til brevet dykkar av 23.12.2010 der de ber om merknader til konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Sauland kraftverk. Direktoratet har henta inn faglege merknader frå Telemark fylkeskommune som eit grunnlag for fråsegna vår.

### Tiltaket

Skagerak Kraft AS søker i samarbeid med Notodden Energi AS og Tinfoss AS om konsesjon for utbygging av Sauland kraftverk. Kraftverket vil utnytte fallressursane i Hjartdøla mellom Hjartsjø og nedstraums Omnesfossen og i Skogsåa mellom Sønderlandsvatn og nedstraums Omnesfossen. Begge elvane er påverka av kraftutbygging frå før. Samla årsproduksjon for planane er rekna til 218 GWh. Tiltaket vil innebere bygging av kraftstasjon i fjell, om lag 28 km tunnelar. Det vert inntaksmagasin i Hjartsjø, med reguleringshøgde 1,8 m som i dag, og i Sønderlandsvatn med reguleringshøgde 1 m. Det er i tillegg planlagt fleire bekkeinntak. Utbygginga fører til at det vert etablert fleire tippar av tunnelmasse og tilkomstvegar dels ved oppgradering av eksisterande skogsvegar, dels ved nybygging. Reguleringa vil vidare føre til redusert/endra vassføring i Skogsåa og Hjartdøla.

### Konsekvensar for kulturminne, kulturmiljø og landskap

I konsekvensutgreiinga vert tre einskildtiltak med negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø trekt fram. Det gjeld tippet i Lonargrenda i Hjartdal og inntak med dam i Sønderlandsvatn og redusert vassføring i Omnesfossen som vil påverke kulturmiljøet med Heddal mølle negativt.

I landskapsrapporten er inntaksdammen i Sønderlandsvatn og redusert vassføring i Omnesfossen også trekt fram som negative konsekvensar, saman med redusert vassføring i Skogsåa, Skorva og Hjartdøla.

Riksantikvaren vil også peike på planlagt tunnelutløp med tilkomstveg ved Fosse. Vegen passerer ved garden Fosse nedre. På dette tunet (gnr 79, bnr 2) finn ein eit loft frå mellomalderen som er automatisk freda. Fylkeskommune opplyser at tunet inngår i eit kulturlandskap med lang tidskontinuitet med m.a. funn frå jernalder.

I fagrapporten for kulturminne er verken det freda loftet eller miljøet det ligg i nemnt. Det står derimot at det ikkje er kjent kulturminne som vert påverka av tiltaket her og konsekvensgrad

vert sett til *ubetydelig konsekvens*. I området der vegen er teikna inn, er det tidlegare funne gjenstandar og i Fossegrenda er det gjort fleire funn av automatisk freda kulturminne, helst som lausfunn.

Fagrapport for landskap peikar på at vegtraseen ved Fosse er uforholdsmessig lang og at dette bidreg til at inngrepet vert større enn det kunne ha vore. Begge forhold som nemnt her burde vere grunn til å sjå nærare på betre løysingar for vegframføring ved Fosse.

Det er ikkje mogeleg ut frå detaljeringa på planane for vegframføring ved Fosse å vurdere om det er konflikt med det automatisk freda mellomalderloftet. Det synest som vegen dels er lagt i traseen for eksisterande skogsveg, men planar for opprusting er ikkje omtala. Riksantikvaren gjer merksam på at dersom tiltaket kan føre til konflikt med freda kulturminne frå mellomalder, skal Riksantikvaren ha melding om det og vurdere trongen for dispensasjon frå freding.

Telemark fylkeskommune har gjort registreringar etter kulturminnelova § 9 i eit område ved Moen (deponiområde). Fylkeskommunen varslar òg at registreringar er naudsynte ved dei andre inngrepsområda, som deponi, vegar, inntak og liknande. Dersom registreringane avdekkjer konflikt med automatisk freda kulturminne, må det søkjast Riksantikvaren om dispensasjon frå fredinga dersom ein ikkje finn løysingar med å endre tiltaket.

### **Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift**

Beste helsing

Margrethe Tviberg (e.f.)  
seksjonssjef

Kristi Vindedal  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: 0

Kopi til:  
Telemark fylkeskommune - Kulturseksjonen, Postboks 2844, 3702 SKIEN